

STORDAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING
23.05.2012

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STORDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

torsdag, 31.05.2012 kl. 16.30
på rådhuset

SAKLISTE:

- Sak 01/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 24.11.2011
- ” 02/12 - Oppfølging av politiske vedtak
- ” 03/12 - Rutinar for varsling ved endring av kommunale tenester
- ” 04/12 - Gjennomgang/bruk av reglement
- ” 05/12 - Orientering om Samhandlingsreformen – kommunen si gjennomføring
- ” 06/12 - Orientering om status for økonomisjefstillinga i Stordal kommune
- ” 07/12 - Orientering om planlagt oppmøte frå kontrollutval, kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjon i kommunestyremøte

Eventuelt

Møtet vil dreie seg om å få informasjon frå rådmannen med høve til spørsmål. Med bakgrunn i dette blir det ikkje utarbeidd saksdokument til dette møtet.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Ingrid Løset
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STORDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 24. november 2011, kl. 16.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades: Jonas Falch, Roger Lillebø og varamedlem Vigdis Hove Øie

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

SAK 11/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 6. JUNI 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 6. juni 2011 blir godkjent.

SAK 12/11

ORIENTERING OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON

Orientering gitt av kontrollutvalsekretariatet og kommunerevisjonen

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 13/11

OPPLEGG FOR KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I DEN NYE VALPERIODEN

Saksdokument datert 18.11. 2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil arbeide med:

1. Oppfølging av politiske vedtak
2. Plan for forvaltningsrevisjon
3. Plan for selskapskontroll
4. Behandling av tilsynsrapportar frå fylkesmannen.

Løpande saker vil kome i tillegg. Leiar og dagleg leiar vil drøfte vidare ein plan for aktiviteten.

SAK 14/11

ØKONOMIRAPPORT 3. KVARTAL 2011 - STORDAL KOMMUNE

Saksutgreiing datert 18.11. 2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek økonomirapport 3. kvartal 2011 til orientering.

SAK 15/11

BUDSJETT 2012 – STORDAL KONTROLLUTVAL (Saka kom opp under eventuelt)

Budsjett for tilsyn og kontroll i Stordal kommune ligg i all hovudsak i budsjetta til kommunerevisjonen og kontrollutvalsekretariatet som begge er interkommunale selskap med summer som må innarbeidast i Stordal kommune sitt budsjett. Møtegodtgjersle skal ligge i budsjettet til Stordal kommune saman med andre utval. Det melder seg eit ekstra behov for opplæring og kurs for nytt kontrollutval.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Kontrollutvalet har eit opplæringsbehov på 30.000 kroner som blir å legge inn i budsjettet til Stordal kommune.

SAK 16/11

MØTEDAGAR, OPPMØTE FOR VARAMEDLEM (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Alle dagar unntatt onsdagar kan brukast til møtedagar
2. Første varamedlem møter fast.

Ingrid Løset
leiar
(sign.)

Jonas Falch
nestleiar
(sign.)

Roger Lillebø
medlem
(sign.)